




Årsrapport 2009



Styret

Styret har i 2009 hatt 6 medlemmer:

- **Arve Due Lund**, Styreleiar
- **Børre Jacobsen**, Nestleiar
- **Ellen Marie Lillevangstu Njøs**, Styremedlem
- **Olav Reidar Furnes**, Styremedlem
- **Aud Viken**, Styremedlem
- **Aage Ness**, Styremedlem (tilsettes representant)

Varamedlemmer:

- Jofred Åsnes
- Bjørn Tønnesen

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter er eit aksjeselskap der Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedomsselskap AS eig 99,5% av aksjene.

Rehabiliteringssenteret har arbeidd med rehabilitering sidan 1992 og gjev tilbod om rehabilitering av pasientar med behov for ei tverrfagleg og heilheitleg tilnærming. Institusjonen er ein del av av spesialisthelsetenesta og har avtaler med det offentlege om levering av rehabiliteringstenester.

Avtale med Helse Vest Regionale helseføretak

Institusjonen har hovudavtale med Helse Vest RHF om levering av rehabiliteringstenester innan spesialisthelsetenesta. Avtala for 2009 hadde ei ramme på totalt 20 075 kurdøgn, tilsvarande eit gjennomsnitt på 55 pasientar. Som ein del av avtala inngår og tilbod om arbeidsretta rehabilitering innanfor ordninga "Raskare tilbake". Totalt 183 personar fekk eit tilbod innan denne ordninga i 2009.

Senteret hadde i 2009 tilbod til følgjande diagnosegrupper:

Pasientar med følgjetilstander etter kreftsjukdom

Pasientar med lidningar i nakke, rygg og bekken

Pasientar med kronisk smerte og lettare psykiske lidningar


Pasientar med neurologisk sjukdom

Pasientar med revmatiske lidningar

Pasientar med sjukleg overvekt

Diagnosefordeling 2008 og 2009

Den største pasientgruppa på senteret var i 2009 pasientar med muskel- skjelettlidningar (54%). 23% av pasientane var innan gruppa metabolsk sjukdom inkl. fedme, mens 5% var kreftpasientar.



Avtale NAV

I november inngjekk institusjonen også avtale med NAV Drift og utvikling om tilbod innan arbeidsretta rehabilitering. Tilbodet gjeld for personar som står i fare for å falle utanfor arbeidslivet. Avtala omfattar både personar som er sjukmeldt, står i fare for å bli sjukmeldt eller av andre årsaker slit med å vere i arbeid. Institusjonen har til ei kvar tid åtte plassar øymerka til personar som blir tilvist gjennom NAV-systemet.

I samband med denne avtala har ein også utvida tilbodet til å innehalde arbeidsutprøving/arbeidstrening. For å få til dette har vi nytta oss av lokale verksemder eller arbeid internt på institusjonen. Vi har stor tru på å kombinere behandling i institusjonen med praktisk arbeidstrening. Så langt har vi fått gode tilbakemeldingar på dette opplegget.

Kompetanse

Det har vore ei auke i tal tilsette frå totalt 44 årsverk i 2008 til 46 årsverk i 2009. Nytt i 2009 var tilsetting av forskingsleiar i 50 % stilling. Forskingsleiaren vart tilsett i august 2009 og har i hovudsak arbeida med å utvikle instrument for systematisk evaluering av pasienttilboda. Ergoterapi/attføringsavdelinga er også styrka med tilsetting av attføringskonsulent i 80 % stilling. Den nye attføringskonsulenten har lang erfaring frå NAV og har vore eit viktig tilskot for å styrke attføringskompetansen ved senteret. I 2009 har vi også auka med fleire legar. I tillegg til overlege og lege i spesialisering, har vi tilsett både ein

allmennlege og ein spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering i delstillingar. Fagteamet ved institusjonen er leia av overlege, spesialist i fysikalsk medisin og rehabilitering.

Søknad og ventetider

Vi mottok i 2009 totalt 1261 skriftlege søknadar. Av desse var det 999 personar som fekk opphald. Kring 14% av søknadane vart avslått og 12% av dei som fekk tilbod, møtte ikkje.


Ventetida er noko varierende avhengig av diagnosegruppe. Lengst ventetid var det for pasientar med sjukeleg overvekt med ventetid på opptil to år før vurderingsopphald. For pasientar innan gruppa muskel- skjelettlidingar var ventetida ca. seks månadar, mens gjennomsnittleg ventetid for dei øvrige gruppene var på kring tre månadar.

Epikrisetid

Det er eit mål at alle epikriser skal vere sendt ut innan sju dagar etter at pasienten har reist frå senteret. Gjennomsnitt epikrisetid i 2009 var 6 dagar, og 79% av epikrisene var sendt ut innan fristen.

Lymfødempoliklinikken

Senteret har tilsett fysioterapeut, spesialist i onkologisk fysioterapi i 20% stilling tilknyta lymfødempoliklinikken. Totalt fekk 18 personar behandling i lymfødempoliklinikken i 2009. Av desse var ni inneliggjande pasientar og ni polikliniske pasientar.



Alders- og kjønnsfordeling

Av dei 999 personane som fekk rehabilitering i 2009, var 75% kvinner og 25% menn. 95% av pasientane i 2009 var under 70 år. Flest pasientar var i aldersgruppa 50 – 59 år (31 %).

Prosjekt

Samhandlingsprosjektet vart starta opp i 2008 og fortsette også i 2009. Prosjektet hadde som mål å utvikle ein modell for samhandling mellom lokale NAV-kontor, kommunehelsetenesta og rehabiliteringsinstitusjon. Fire kommunar i Sogn og Fjordane har deltatt i prosjektet, som har gått over 18 månader. Målet er å legge til rette for god og planlagt samhandling, slik at den enkelte pasient får eit samanhengande og mest mogeleg saumlaust rehabiliteringsløp.

Gjennom prosjektet har ein sett at det er liten kontakt mellom dei ulike aktørane. For å lukkast i å gje ein meir saumlaus rehabiliteringskjede for den enkelte pasient, ser ein at det er av stor betydning at aktørane har tett kontakt før – under og etter rehabiliteringsopphaldet. Leon-prinsippet ligg til grunn for modellen, det same gjer prinsippet om rett pasient til rett tid, til rett instans.

I del II av prosjektet vil ein prøve ut den skisserte modellen. Dette inneber auka samarbeid med kommunehelsetenesta, blant anna med at fagpersonar frå institusjonen møter pasientar og andre aktørar i kommunen. Vidare vil kompetanseoverføring mellom nivåa vere eit prioritert område. Prosjektet er støtta av Helsedirektoratet.

Som ein del av satsinga på kreftrehabilitering, har institusjonen søkt midlar til prosjektet "Rehabilitering av unge kreftpasientar". Vi har motteke støtte både frå Kreftforeninga og frå Ekbo's Legat, og det er oppretta ei eiga stipendiattstilling til prosjektet. Dette er ei pilotstudie som har som mål å vurdere effekten av rehabilitering av yngre kreftpasientar i forhold til deltaking. I følgje Verdens helseorganisasjons sin internasjonale klassifisering av funksjon (ICF) er deltaking definert som "engasjement i ein livssituasjon". Prosjektet er eit samarbeidsprosjekt mellom Haugland Internasjonale FOU selskap, Røde Kors UWC og Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter.

Hauglandskurset

Hauglandskurset vart arrangert for første gong i 2009. Kurset var retta mot kommunelegar og var godkjent som emnekurs/klinisk emnekurs for allmenntilleggsmedisin. Tema på kurset var "Når plager blir sjukdom – diagnostisk og terapeutiske verktøy".

Kring 20 personar deltok på kurset, som gjekk over to dagar. Tilbakemeldingane frå kurset var bra og institusjonen har som mål å kunne gjere dette til eit årleg tilbod.

Kjernegruppemøte

I september arrangerte RKHR kjernegruppemøte for institusjonar i "Nettverk for arbeidsretta rehabilitering". Institusjonane som er med i kjernegruppa og var samla på Haugland desse dagane var, i tillegg til eigen institusjon; Valnesfjord Helsesportsenter, Hernes Institutt, Røros rehabiliteringssenter og AIR (Rauland attføringsenter) AIR var med si rolle som Nasjonalt kompetansesenter for arbeidsretta rehabilitering, ansvarleg for det faglege innhaldet på samlinga.

Kjernegruppa arbeider med kvalitetsutvikling innan fagområdet arbeidsretta rehabilitering og er blant anna aktive innan forskning knytt til fagfeltet.

Utadretta aktivitet


I 2009 har vi hatt betydeleg meir utadretta arbeid enn tidlegare. Rehabiliteringskompetansen ved institusjonen er blitt meir etterspurd og våre tilsette har hatt føredrag i ulike samanhengar som ved fylkeslegen sitt kurs for turnuskandidatar i fysioterapi og medisin, for kreftpasientar på Montebello-senteret og på arrangement i regi av kommunehelsetenesta. Tema har vore alt frå kognitiv terapi med endringsteori, kosthaldsundervisning og fysisk aktivitet/treningslære.

Også interessa for å vere på hospitering på senteret har vore stor. Fagpersonar både frå andre rehabiliteringsinstitusjonar, kommunar og NAV har vore på to til fire dagars opphald. Dette kan vere som eit enkeltståande tiltak for

Geografisk fordeling

Pasientane kom i hovudsak frå Helseregion Vest (98,5%) av desse var 63% frå Hordaland, 22% frå Sogn og Fjordane og 13% frå Rogaland. Av dei pasientane som kom frå andre helseregionar, var 1% frå Helse Sørøst og 0,5% fordelt på Helse Midt og Helse Nord.

Når det gjeld fordeling på kommunar, var det Bergen, Fjell og Lindås kommune i Hordaland som brukte institusjonen mest med hhv. 294, 50, 38 pasientar. I Sogn og Fjordane kom det flest pasientar frå Flora (32) mens det frå Rogaland var flest frå Stavanger (24).





Tur med Bakkejekta på Dalsfjorden Foto; Partslaget Bakkejekta

kompetanseheving eller starten på eit tettare samarbeid. For tilsette i Solund kommune var hospiteringsopphaldet eit resultat av eit prosjektsamarbeid knytt til helsefremjande arbeid. Tilsette i kommunen deltok på fagdag på senteret. Dei stilte med helsesøster, sjukepleiarar, vernepleiarar, lege, fysioterapeut, assistentar og representant frå kommunestyre og NAV. Dette blei følgt opp ved at fagpersonar frå institusjonen vår deltok som førelesarar på fagdag i Solund for elevar, foreldre og kommunetilsette.

Kulturaktivitetar

- fjorden som opplevingsarena

Kulturavdelinga held fram med faste aktivitetar på ettermiddag og helg. I tillegg til fast tilsette er studentane på UWC framleis ein viktig ressurs for å skape eit mangfaldig og godt tilbod.



Besøk frå Solund kommune juni 2009 Foto; Privat

Rehabiliteringssenteret har mange ulike arenaer for kulturaktivitetar og opplevingar, og arrangerer eigne konsertar og kulturkveldar med ressursar utanfrå. Vi har også som mål å finne gode samarbeidspartar utanfor senteret.

I vinterhalvåret er det kulturkveldar i Klokkegarden; Jakob Sande sin fødestad – og omvising Nordisk Kunstanarsenter Dalsåsen som trekk mest folk. Når våren og sommaren nærmar seg er fjorden meir tilgjengeleg for aktivitet.

Flekkefjorden er smul og vennleg og innbyr til ein stille rotur, eller å hive ut fiskesnøret frå ein av dei mange bryggene. Vi samarbeider og med andre institusjonar for at pasientane skal få nytte godt av den ressursen fjorden kan vere.

Senteret arrangerer båtturar til øyane i havet, guida turar på Dalsfjorden og ikkje minst turar med Bakkejekta – kopi av ei gamal segljekt. Ein gong i veka gjev Bakkejekta tilbod om fjordturar der ein er medseglar og får høyre historier om jektefarten og vikingtida i Dalsfjordområdet.

Haugland sine ressursar, som nærleik til fjord og hav, er viktige og bygge vidare på. Vi ser tydeleg at det har gjeve mange pasientar gode opplevingar, som vert viktige langt inn i haustmørket.

Bygg og anlegg

Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS har hovudansvar for vedlikehald av bygg og anlegg. Hovudprioritering for 2009 var oppgradering av garderobeanlegget til bassenga. Oppgraderinga starta i november og vil stå ferdig i april 2010. Totalt hadde prosjektet ei kostnadsramme på ca. kr 1,8 mill.

I tillegg har eigedomsselskapet i 2009 investert i nye flytebrygger til ein kostnad på kr 247 000,-.

Pasientevaluering

Pasienttilfredsheit blir målt ved bruk av skjema som pasienten sjølv fyller ut. Evalueringsskjemaet er delt inn i ti spørsmål som går på dei ulike deler av opphaldet. Det er lagt spesielt vekt på kva nytte pasienten har hatt av tilbodet. Skalaen går frå 1, ingen nytte, til 7 som er svært mykje nytte. Gjennomsnittskår er 5,3

Snittverdi

1. Kva nytte hadde du av informasjon du fekk før opphaldet på senteret	4	7. Kva nytte hadde du av det generelle servicetilbodet ved senteret	5
2. Kva nytte hadde du av kontakt og oppfølging frå medisinsk fagpersonale	5	8. Kva nytte hadde du av kontakt med medpasientar	6
3. Kva nytte hadde du av timeplan/vekeplan	6	9. Kva nytte hadde du av personalet si handtering av evt. problem der du hadde behov for hjelp	5
4. Kva nytte hadde du av kosthaldsfokus og mat	5	10. Kor fornøgd er du med eigen innsats i forhold til å nå måla du har sett deg for rehabiliteringsopphaldet	6
5. Kva nytte hadde du av den fysiske treninga	6		
6. Kva nytte hadde du av undervisning og eventuelt gruppesamtaler	5		

Det er tilnærma ingen skilnad på resultatet frå 2008 til 2009. Senteret har utarbeidd nytt skjema for pasientevaluering som vil bli tatt i bruk frå 2010. Det nye skjemaet er utarbeidd med utgangspunkt i skjema frå Kunnskapssenteret.

Minneord


Hvordan Sogn og Fjordane Røde Kors og Fjaler kommune tok tak i Kristian Bekkers arv er en flott historie. Ut fra mitt kjennskap til historien tror jeg vel at Bekkers testament har blitt håndtert på en lojal og respektfull måte.

Mange personer har deltatt for å gjøre Hauglandsenteret mulig. "Alle de gode hjelperne" som Magne Bjergene uttrykte det. Selv tror jeg at Magne så på seg som en av disse hjelperne, verken mer eller mindre. Han tok på seg ansvar og arbeidet målrettet mot et mål som fortsatt ligger langt fram i tid.

Inspirasjon og pågangsmot var nødvendig, i tillegg til en passe porsjon galskap, for å våge å satse på ideene på Hauglandsenteret. Magne var alltid et stykke foran. Noen ganger vanskelig å følge, men i ettertid kan vi se resultatet av en kunnskapsrik, klok og målrettet strateg.

Vi savner det uforutsigbare ved Magne, ideene som gjorde arbeidsdagen og livet så uendelig spennende. Som Beito-stølen Helseportssenter hadde sin frontfigur i Erling Stordal, har vi hatt vår "Høvding" i Magne Bjergene.

Eirik Fismen





Årsmelding for 2009

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

1. Verksemdas art og lokalisering

Selskapet driv med spesialisert rehabilitering og har avtale med Helse Vest RHF om levering av spesialisthelsetenester og NAV om tilbud innan arbeidsretta rehabilitering. Selskapet er lokalisert på Haugland i Fjaler Kommune.

2. Resultat og stilling

Rekneskapet for 2009 er positivt med kr 705 082. Resultatet er betre enn forventa. Dette skyldes i hovudsak noko lågare lønnskostnader enn budsjettert.

Selskapet har i 2009 fått ei auke i egenkapital frå kr 6 546 872 til kroner 7 251 955.

3. Framleis drift

Styret meiner det er riktig å legge føresenaden for framleis drift av selskapet til grunn ved avlegging av årsreneskapen.

4. Arbeidsmiljø

I 2009 har det totale sjukefråværet vore på gjennomsnittleg 7%. Det er vår oppfatning at arbeidsmiljøet og den generelle trivsel på arbeidsplassen er god.

Gjennomsnittleg tal på tilsette var 46 årsverk. Av dette var 12 menn og 34 kvinner. Selskapet sitt styre har seks medlemmer, fire menn og to kvinner.

5. Yre miljø

Selskapet har ikkje verksemd som verkar inn på det ytre miljø.

Førde

Arve Due Lund,
Styreleiar

Børre Jacobsen,
Nestleiar

Ellen Marie Lillevangstu Njøs
Medlem

Olav Reidar Furnes
Medlem

Aud Alice Viken
Medlem

Aage Henrik Ness
Medlem

Inger Johanne Osland
Dagleg Leiar

Balanse

EIENDELER	Noter	2009	2008
Anleggsmidler Immaterielle eiendeler			
Utsatt skattefordel	8	314 182	302 561
Sum immaterielle eiendeler		314 182	302 561
Varige driftsmidler			
Tomter, bygninger og annen fast eiendom	3	16 561	31 000
Driftsløsøre, inventar, verktoy, kontormaskiner o.l.	3	1 574 096	1 612 686
Sum varige driftsmidler		1 590 657	1 643 686
Finansielle anleggsmidler			
Investering i aksjer og andeler	6	50 000	50 000
Sum finansielle anleggsmidler		50 000	50 000
Sum anleggsmidler		1 954 839	1 996 247
Omløpsmidler			
Varer		114 400	124 700
Fordringer			
Kundefordringer		147 990	36 159
Andre fordringer	6	34 200	36 450
Sum fordringer		182 190	72 609
Bankinnskudd, kontanter o.l.	7	11 626 619	10 542 792
Sum omløpsmidler		11 923 209	10 740 101
SUM EIENDELER		13 878 049	12 736 348
EGENKAPITAL OG GJELD			
Egenkapital			
Innskutt egenkapital			
Aksjekapital		2 558 312	2 558 312
Sum innskutt egenkapital		2 558 312	2 558 312
Opptjent egenkapital			
Annen egenkapital		4 693 643	3 988 560
Sum opptjent egenkapital		4 693 643	3 988 560
Sum egenkapital		7 251 955	6 546 872
Gjeld			
Kortsiktig gjeld			
Leverandørgjeld		1 042 787	1 172 776
Betalbar skatt	8	394 873	439 504
Skyldige offentlige avgifter		1 534 199	1 334 638
Gjeld til selskap i samme konsern	6	900 000	1 000 000
Annen kortsiktig gjeld		2 754 235	2 242 558
Sum kortsiktig gjeld		6 626 094	6 189 476
Sum gjeld		6 626 094	6 189 476
SUM EGENKAPITAL OG GJELD		13 878 049	12 736 348

Resultat

DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER	Noter	2009	2008
Driftsinntekter		34 948 630	34 180 132
Annen driftsinntekt		2 021 047	1 727 620
Leieinntekt	5	960 625	937 326
Sum driftsinntekter		37 930 302	36 845 077
Varekostnad		2 401 629	2 196 875
Lønnskostnad	2	22 484 635	20 462 822
Ordinær avskrivning	3	619 216	564 000
Annen driftskostnad	2, 5	11 223 862	10 481 866
Sum driftskostnader		36 729 342	33 705 563
Driftsresultat		1 200 960	3 139 514
Finansinntekter og finanskostnader			
Annen renteinntekt		168 031	412 590
Annen rentekostnad		- 656	- 8 661
Netto finansresultat		167 375	403 929
Ordinært resultat før skattekostnad		1 368 335	3 543 443
Skattekostnad på ordinært resultat		- 663 252	- 712 164
ÅRSRESULTAT		705 083	2 831 279
Overføringer			
Overført til/-fra annen egenkapital		705 083	2 111 279
Avgitt konsernbidrag		0	720 000
Sum overføringer		705 083	2 831 279

Haugland, den 26.04.10

Arve Morten Due Lund
Styreleder

Olav Reidar Furnes
Medlem

Aud Alice Viken
Medlem

Åge Henry Ness
Medlem

Børre Jacobsen
Nestleder

Ellen Marie Lillevangstu Njøs
Medlem

Inger Johanne Osland
Daglig leder

Noter

Note 1 – Regnskapsprinsipper

Årsregnskapet er satt opp i samsvar med regnskapsloven og god regnskapsskikk i Norge for små foretak. Regnskapsprinsippene beskrives nedenfor.

Generelle inntekts- og kostnadsføringsprinsipper

Regnskapet bygger på de lovbestemte grunnleggende regnskapsprinsipper og god regnskapsskikk.

Inntekt resultatføres når den er opptjent, normalt på leveringstidspunktet ved salg av varer og tjenester. Driftsinntekter er fratrukket merverdiavgift, rabatter og bonuser.

Utgifter sammenstilles med og kostnadsføres samtidig med de inntekter utgiftene kan henføres til. Utgifter som ikke kan henføres direkte til inntekter kostnadsføres når de påløper.

Hovedregel for vurdering

og klassifisering av eiendeler og gjeld

Eiendeler bestemt til varig eie eller bruk er klassifisert som anleggsmidler. Andre eiendeler er klassifisert som omløpsmidler. Fordringer som skal tilbakebetales innen et år er klassifisert som omløpsmidler. Ved klassifisering av kortsiktig og langsiktig gjeld er tilsvarende kriterier lagt til grunn.

Anleggsmidler vurderes til anskaffelseskost, men nedskrives til virkelig verdi når verdifallet forventes å ikke være forbigående. Anleggsmidler med begrenset økonomisk levetid avskrives planmessig.

Omløpsmidler vurderes til laveste av anskaffelseskost og virkelig verdi.

Note 2 – Antall ansatte, godtgjørelser, lån til ansatte mm.

Ytelser til ledende personer	Pensjons- Lønn	kostnader	Annen godtgjørelse	Sum
Daglig leder	561 769	0	4 171	565 940
Styret	125 750	0	0	125 750

Lønnskostnad	2009	2008
Lønn	18 614 603	16 917 206
Folketrygdavgift	2 139 355	1 973 962
Pensjonskostnader	1 202 957	1 177 430
Andre ytelser	527 720	394 224
Sum	22 484 635	20 462 822

	2009	2008
Antall årsverk	46	44

Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS er pliktig til å ha tjenestepensjon etter lov om obligatorisk tjenestepensjon. Selskapets pensjonsordninger tilfredsstiller kravene i denne loven.

Revisor

Godtgjørelse i året til Deloitte AS for revisjon utgjør kr 40 000.
Godtgjørelse for teknisk regnskapsbistand utgjør kr 12 500.

Note 3 – Varige driftsmidler

	Bygg	Løsøre	Sum
Kostpris 01.01	2 682 205	3 423 006	6 105 211
Tilgang i året	0	566 188	566 188
Avgang i året	0	0	0
Kostpris 31.12	2 682 205	3 989 194	6 671 399
Samla ordinære avskrivinger	965 644	2 415 097	3 380 741
Ekstraordinær nedskrivning	1 700 000	0	1 700 000
Bokført verdi 31.12	16 561	1 574 097	1 590 657
Årets avskrivinger	14 439	604 777	619 216
Prosentstaks for avskrivning	10%	14-20 %	
Avskrivningsplan	Lineær	Lineær	

Note 4 – Aksjekapital og aksjonærinformasjon

Aksjekapitalen i selskapet består av to aksjeklasser. B-aksjene gir ikke stemmerett.

Eierstruktur	Antall	Klasse	Pålyd- ende	Eier- andel	Stemme andel
SFRK Eigedom AS	2 500 000	A-aksjer	kr 1	97,7%	100%
SFRK Eigedom AS	45 147	B-aksjer	kr 1	1,8 %	0%
Andre	13 165	B-askjer	kr 1	0,5 %	0%
Totalt antall aksjer	2 558 312			100,0%	100%

Spesifikasjon av egenkapital:

	Aksjekapital	Annen egenkapital	Sum
Kapital 1.1.	2 558 312	3 988 560	6 546 872
Årets resultat		705 082	705 082
Kapital 31.12	2 558 312	4 693 642	7 251 955

Note 5 – Leieavtaler

Selskapet leier bygninger og anlegg av morselskapet Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS. En del av disse lokalitetene framleies til Røde Kors Nordisk United World College.

Leie til Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS er kostnadsført med kr 4 820 796. Framleie til Røde Kors Nordisk United World College er inntektsført med kr 617 756.

Noter

Note 6 – Tilknyttet selskap i samme konsern

Firma	Ansk. tidspunkt	Forretnings- kontor	Eier-/stem- meandel	Egenkapital pr. 31.12.08	Resultat pr. 31.12.07
Haugland Internasjonale FOU Senter AS	08.06.1995	Fjaler	33%	709 309	-435 621

Mellomværende med morselskap,
Sogn og Fjordane Røde Kors Eigedom AS:

Mellomværende pr. 31.12	2009	2008
Langsiktig fordring	0	0
Kortsiktig fordring	0	0
Kortsiktig gjeld	900 000	1 000 000

Note 7 – Bankinnskudd

Bankinnskudd, kontanter o.l. omfatter bundne skattetrekksmidler
med kr 1 014 184

Note 8 – Skattekostnad

Årets skattekostnad fremkommer slik	2009	2008	Endring
Betalbar skat	394 873	439 504	
Regnskapsført skatt på konsernbidrag	0	280 000	
For lite avsatt skatt i 2008	280 000		
Endring i utsatt skatt	-11 621	-7 340	
Skattekostnad	663 252	712 164	
Spesifikasjon av skatteeffekten av midlertidige forskjeller:	2009	2008	
Driftsmidler	- 1 122 076	-1 080 572	
Skattesats	28%	28%	
Netto utsatt skattefordel/ -forpliktelse i balansen	- 314 182	-302 561	-11 621

Til generalforsamlinga i Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

REVISJONSMELDING FOR 2009

Vi har revidert årsrekneskapen for Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS for rekneskapsåret 2009 som syner eit overskot på kr 705.082. Vi har også revidert opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegg i årsrekneskapen til bruk av overskotet. Årsrekneskapen inneheld resultatrekneskap, balanse og opplysningar i notar. Rekneskapslova sine regler og god rekneskapskikk i Noreg er nytta ved utarbeidinga av rekneskapen. Årsrekneskapen og årsmeldinga er lagt fram av styret og daglig leiar for selskapet. Oppgåva vår er å vurdere og uttale oss om årsrekneskapen og andre tilhøve slik revisorlova krev.

Vi har utført revisjonen i samsvar med lov, forskrift og god revisjonsskikk i Noreg, herunder revisjonsstandardar vedtekne av Den norske Revisorforening. Revisjonsstandardane krev at vi planlegg og utfører revisjonen slik at han gir oss den tryggleiken vi treng for at årsrekneskapen ikkje inneheld vesentleg feilinformasjon. Revisjon omfattar kontroll av utvalde delar av materialet som ligg til grunn for informasjonen i årsrekneskapen, vurdering av dei rekneskapsprinsippa som er nytta, og av vesentlege rekneskapsestimater, og dessutan vurdering av innhaldet i og presentasjonen av årsrekneskapen. I den grad det følgjer av god revisjonsskikk, omfattar revisjon også ein gjennomgang av selskapet si forvaltning av formuen og rekneskaps- og internkontrollsystema. Vi meiner at revisjonen vår gir eit forsvarleg grunnlag for uttalinga vår.

Vi meiner at

- årsrekneskapen er lagt fram i samsvar med lov og forskrifter og gir eit rettvisebilde av selskapet si økonomiske stilling 31. desember 2009 og for resultatet i rekneskapsåret i samsvar med god rekneskapskikk i Noreg
- leiinga har oppfylt plikta si til å syte for ordentleg og oversiktleg registrering og dokumentasjon av rekneskapsopplysningar i samsvar med lov og god bokføringsskikk i Noreg
- opplysningane i årsmeldinga om årsrekneskapen og føresetnaden om at drifta skal halde fram, og framlegg i årsrekneskapen til bruk av overskotet, er konsistente med årsrekneskapen og er i samsvar med lov og forskrifter.

Førde, 26. april 2010
Deloitte AS



Leif Kilnes
statsautorisert revisor



Røde Kors Haugland Rehabiliteringssenter AS

6968 Flekke • Tlf. 57 73 71 00 • Fax 57 73 71 01

E-post: inntak@rehabiliteringssenter.no

www.rkhr.no

Grafisk formgivning: Inform Media, Førde
Foto framside: David Zadig © 2006

